



STRYN KOMMUNE
Rådmannsavdelinga

del 75
Kultur- og kirkeavdel. dep.
R
Saksnummer: 200605491 Dato: 22.11.06
Kode: Ki-501

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
06/313-6/ C84 //ANH

Dykkar ref.

Dato:
20.11.2006

Staten og Den Norske Kyrkja - høyring.

Eg viser til høyringsbrevet Dykkar av 24.04.06.

I Stryn kommune valde formannskapet tre av sine medlemmar/varamedlemmar til å gå gjennom utgreiinga om Staten og Den Norske Kyrkja og til å kome med framlegg til fråsegn frå Stryn kommune. Dette framlegget til fråsegn vart så lagt fram for formannskapet og til slutt kommunestyret for handsaming.

I møte 16.11.06 slutta kommunestyret seg til det utarbeidde framlegget til fråsegn med 20 av 25 røyster.

Vedlagt fylgjer den vedtekne fråsegna saman med utskrift av kommunestyret si møtebok, sak 76/06.

Vedlagt fylgjer også fråsegnsskjemaet som fylgde repr. Jon Olav Kvamme sitt framlegg til vedtak i saka (sjå møteboka). Dette framlegget fekk 2 røyster.

Det siste vedtaksframlegget – frå repr. Liv Rygg – fekk 3 røyster (sjå møteboka). Rygg la ikkje fram noko fråsegnsskjema.

Med helsing

Anders Heggdal
kontorsjef
57 87 48 50

Postadresse/besøksadresse:
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Org.nr: 963 989 202

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband
Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Dnb (SKATT) 7855 05 14493



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

| SAK | ORGAN | MØTEDATO |
|-----------|---------------|------------|
| FO 183/06 | Formannskapet | 08.11.2006 |
| KS 076/06 | Kommunestyret | 16.11.2006 |

Ref: 06/313 -5 Ark. C84
Sakshandsamar: Harald Risnes

Staten og Den Norske Kyrkja - Høyring.

Presentasjon:

Det offentlege utvalet som har greidd ut forholdet mellom stat og kyrkje leverte si innstilling 31. januar 2006, NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke. Innstillinga er sendt på høyring med frist 1. desember 2006.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Framlegg frå eiga nemnd til fråsegn frå Stryn kommune.
- Høyringsbrev frå Kultur- og kirke departementet dat. 24.04.06.
- Brosjyre med presentasjon av hovudtrekka ved utvalet si utgreiing og tilrådingar.

Ikkje vedlagt:

- NOU 2006: 2.

Saksopplysningar:

Føremålet med utgreiingsarbeidet var å skaffe grunnlag for å ta avgjerd om statskyrkjeordninga skal vidareførast, reformerast eller avviklast. Utvalet sitt fleirtal, 18 av 20 medlemmer, tilrår at statskyrkjeordninga vert oppheva. Utgreiinga omfattar den framtidige kyrkjeordninga, finansiering, gravferdsforvaltninga, freda og verneverdige kyrkjer og eigedomsrett. Det vert elles vist til brosjyra og til utgreiinga.

I møte 27.06.06 valde formannskapet 3 personar – Johanna Nygjerd, Kollbjørn Roset og Jakob Hammer – til å gå gjennom utgreiinga om Staten og Den norske Kyrkja og til å kome med framlegg til fråsegn frå Stryn kommune.

Framlegget til fråsegn ligg no føre . jfr. vedlegg.

Vurdering:

Med tilvising til framlegget til fråsegn som ligg ved vert saka med dette lagt fram for formannskapet til handsaming.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommunestyre sluttar seg til framlegget frå vald nemnd til fråsegn frå Stryn kommune til utgreinga om forholdet mellom stat og kyrkje – modell 1 grunnlovsfeste folkekyrkje

Handsaming i Formannskapet 08.11.2006.

-Repr. Liv Rygg (SV) sette fram fylgjande framlegg:

Stryn kommunestyre tilrår at modell 3 – sjølvstendig folkekyrkje – vert valt som framtidig kyrkjeordning.

FO-183/06 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart tilrådd med 6 røyster.

Repr. Rygg sitt framlegg fekk 1 røyst.

Handsaming i Kommunestyret 16.11.2006.


- Repr. Liv Rygg tok oppatt framlegget frå formannskap.
- Repr. Jon Olav Kvamme fremja slikt framlegg:

Stryn kommune støttar fleirtalet i Gjønnestutvalet som tilrår at noverande statskyrkjeordning vert oppheva og at Den Norske Kyrkje vert organisert som ei lovforankra folkekyrkje.

KS-076/06 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 20 røyster medan 3 røysta for repr. Liv Rygg sitt framlegg og 2 røysta for repr. Jon Olav Kvamme sitt framlegg.

Sign.


Harald Risnes
- sekr.-

Utskrift sendt til:

Det kongelige Kultur- og kirkedepartement, Kirkeavdelingen, Postboks 8030 Dep.,
0030 Oslo

VEDLEGG

Fråsegn om staten og Den norske kyrkja

PRINSIPP: Det skal framleis vere religions-fridom i Norge. Sjølv om Grunnlova framhevar "den evangelisk-lutherske religion" som dominerande, og den som står nærast staten si forvaltning, så skal også andre livssyn vere sikra både økonomisk grunnstøtte og tilskot til seremoniar.

Stryn kommune meiner at ordninga med ei statskyrkje bør halde fram. Denne organiseringa har vist seg å vere tenleg og god både for kyrkja, samfunnet og økonomien i det kyrkjelege arbeidet, og har gjennom tidene vore ein garanti både for breidde og mangfald.

Ordninga har også vist seg å sikre at Den norske kyrkja har nasjonal breidde – og har eksistert i fleire hundre år – og har utvikla nærleik til det lokale miljøet med sokneråd, fellesråd, lokale styresmakter og kyrkjeleg tilsette.

Norge har ein meir enn 1000-årig kristen tradisjon å ta ivare, og 85 prosent av det norske folket er medlemmer i Den norske kyrkja.

Stryn kommune ønskjer ikkje å endre paragrafane i Grunnlova, der vi finn landet si kristne verdiforankring, men meiner at det vil vere naturleg med ei gradvis utvikling der kyrkja får større råderett over kyrkja sitt indre liv.

Kolbjørn Roset

Jakob Hammer

Johanna Nygjerd

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå prinsipp i vedlegg.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellelsråd)
- Kommunen i samarbeid med kyrkjeleg Fellelsråd.
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Sak: KS 076/06

Stryn Kommune støtter fleirtalet i Gjønnnesutvalet
som tilrår at noverande statskyrtjeordning vert
oppheva og at den norske kyrkje vert organisert
som ei lovforankra folkekyrkje.

Forlagsstiller: Jan Olav Kramme

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellestråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Den norske kyrkje skal vere eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og med sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkje si tru og verkefremd å gjere. Ei lovforankra kyrkje gjer full tru og livssyns fri dom og samstundes i varetek rettten til å uttrykke seg om og sitt livssyn i det offentlege rom.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget .
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare